

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 17.09.2010  
Sakhandsamar: **Synnøve Serigstad**  
Saka gjeld: **Godtgjersle av tapt arbeidsforteneste**

**Arkivsak**

2010/236/

**Styresak 107/10 B**

**Styremøte 06.10. 2010**

---

## **Forslag til vedtak**

Medlemmar av Regionalt brukarutval får godtgjort tapt inntekt på følgjande måte:

- Inntil kr. 1520,- per dag for dokumentert tap av arbeidsinntekt.
- Inntil kr. 610,- per dag for tapt arbeidsinntekt som ikkje kan dokumenterast, men som kan synleggjerast.
- Næringsinntekt kr. 575,- per time inntil 7,5 timar per dag etter dokumentert søknad

## Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF bad i samband med handsaminga av styresak 061/10 B administrerande direktør om ei vurdering av om medlemmene i det Regionale brukarutvalet skal godtgjerast for tapt arbeidsforteneste. Administrerande direktør føreslår i denne styresaka at medlemmar av det Regionale brukarutvalet skal godtgjerast i tråd med satsane i staten si personalhandbok for godtgjersle av arbeid i statlige utval. Sjølvstendig næringsdrivande kan godtgjerast etter eigen søknad.

## Fakta

I styresak 061/10 gjekk styret samrøystes inn for at medlemmar av Regionalt brukarutval i Helse Vest skal godtgjerast på følgjande vis:

1. Leiar av Regionalt brukarutval vert godtgjort med 30 000 kroner i godtgjersle per år.
2. Nestleiar i Regionalt brukarutval vert godtgjort med 15 000 kroner i godtgjersle per år.
3. Den som representerer Regionalt brukarutval mottok 1500 kroner i godtgjersle per møte.
4. Leiar eller eitt anna brukarutvalsmedlem får reise- og kostgodtgjering for å delta på styremøta.
5. Brukarrepresentantar får godtgjort deltaking i plan-/utviklingsarbeid og prosjekt<sup>1</sup> med høvesvis 500 kroner per telefonmøte og 1500 kroner for heildagsmøte.
6. Brukarrepresentantar får reise- og kostgodtgjering etter staten sine satsar.

I tillegg bad styret administrerande direktør om ei vurdering av om medlemmane i det Regionale brukarutvalet skal godtgjerast for tapt arbeidsforteneste.

## Kommentar

Per i dag får medlemmar av regionale brukarutval i dei andre helseregionane godtgjort tapt arbeidsforteneste. Rutinar og satsar for godtgjering og dekking av tapt arbeidsforteneste varierer mellom dei ulike helseføretaka, som vist i tabellen under. Tabellen viser også godtgjersle til leiar, nestleiar og møtedeltaking.

	Helse Sør-Øst	Helse Midt	Helse Nord	Helse Vest
Tapt arbeidsforteneste	Inntil ei dagløn. 610 kr for ikkje-dokumentert tap.  Sjølvstendig næringsdrivande: reelt tap inkl feriegodtgjerlse.	Dokumentert tap, maks 2725 kr. Dekning av tapt næringsinntekt i henhold til dokumentasjon, maksimalt kr 575 pr time (inntil 7,5 timer pr dag)	1520 kr for dokumentert tap. 610 kr for ikkje-dokumentert tap (Staten sine satsar).	
Godtgjersle leiar	544 kr per time, maks 6 timar. Møteførebuing 345 kr, maks 4 timar	21 800 kr	20 000 kr	30 000 kr
Godtgjersle nestleiar	345 kr per time, maks 6 timar, møteførebuing 345 kr, maks 3 timar	16 350 kr	10 000 kr (til dei to andre medl av AU)	15 000 kr
RBU-møter	345 kr per time, maks 6 timar. Førebuing 245 kr, maks 2 timar.	1450 kr (over 4 t) 950 kr (under 4 t)	1500 kr	1500 kr
Andre møter	Staten sine satsar	1450 kr/950 kr	1000 kr/500 kr	1500 kr

<sup>1</sup> plan-/utviklingsarbeid og prosjekt skal budsjettere for brukarrepresentasjon inkl reisegodtgjersle.

Administrerande direktør går inn for at også medlemmane i det regionale brukarutvalet i Helse Vest skal få godtgjort tapt arbeidsforteneste som utøving av vervet fører til.

For arbeidstakarar føreslår ein å følgje satsane for godtgjering av arbeid i statlege utval i staten si personalhandbok. Dei er per i dag som følgjer:

- Inntil kr. 1520,- for dokumentert tap
- Inntil kr. 610,- for ikkje-dokumentert tap

Vidare føreslår ein at godtgjersla skal gjevast etter følgjande prinsipp:

- Tapt arbeidsforteneste skal godtgjerast når utøving av vervet direkte fører til tap i eiga inntekt. Dette må dokumenterast av arbeidsgjevar.
- Det må synleggjerast at den same inntekta ikkje utan vesentlig ulempe vil kunne tenast inn på eit anna tidspunkt
- Tapt arbeidsinntekt som ikkje kan dokumenterast, men som kan synleggjerast, kan bli dekket etter eigen søknad.
- Tap av fritid blir ikkje erstatta, det vil blant anna seie at dersom medlem må utføre arbeidet sitt på eit anna tidspunkt, vil det ikkje kunne krevje tapt arbeidsforteneste for dette.
- Godtgjersle for tapt arbeidsinntekt blir utbetalt to gonger per år

For sjølvstendig næringsdrivande kan reelt tap bli dekket etter særskilt dokumentert søknad, med maksimalt kr. 575,- per time for inntil 7,5 timar per dag.

## **Konklusjon**

Godtgjersle av tapt inntekt er eit viktig tiltak for å leggje til rette for brukarmedverknad. Dei føreslåtte satsane og prinsippa for godtgjering vil kunne vere med å bidra til god representativitet i brukarutvalet. Det blir føreslått at godtgjersle av tapt inntekt blir gjort gjeldande frå dato for styrevedtak.